



ALVER
KOMMUNE

Anleggsstrategi Alver kommune

Vedlegg til kommunedelplan for
kultur, idrett og friluftsliv, versjon 2024





Kva er anleggsstrategien?

Denne strategien er eit strategisk-operativt dokument, og skal på grunnlag av oppdraga frå *Kultur som drivkraft* danne operativt grunnlag for

- Fordeling av spelemidlar til idretts-, nærmiljø-, friluft- og kulturanlegg
- Utviklinga av idrettsanlegga i kommunen
- Uteområdeutviklinga ved skular og aktivitetsområda

Strategien er organisk og skal vidareutviklast og utdjupast. Strategien sin handlingsdel skal rullerast årleg, og inneheldt tiltak med konkrete tiltakshavarar og fastsett oppstarttid innan kommande 4-års periode.

Det er eit krav for tildeling av spelemidlar at ein har ein politisk vedteken prioritert handlingsplan for etablering eller rehabilitering av anlegg. For å sikre at søkjarar i Alver kommune, inkludert kommuneorganisasjonen, vil kvalifisere for spelemidlar, er det utarbeidd ei samordna prioritering for anleggsutviklinga. Dette må vere slutført innan utgangen av kvart år.

Prinsipp for prioritering

Det er minst 3 års kø for å kunne få tildelt spelemidlar til ordinære anlegg. Dette medfører at ein må søkje minst 3 gongar for å få tildeling. Private anlegg skal prioriterast framfor offentlege anlegg i handlingsdelen.

1. Omsyn til ei heilskapleg anleggsutvikling, med vekting av behova til Alver kommune, idrettslivet og innbyggjarane, vil vere førande for prioritering av anlegg.
2. Anlegg som støttar opp om aktivitet i skulane sine nærmiljø skal prioriterast.
3. 3-årsregelen vil verte styrande for prioritering av ordinære anlegg.
4. Private ordinære anlegg skal som regel bli prioritert. Unntaket er offentlege anlegg som har venta på utbetaling ein del år utover køordninga, eller der omsyna til punkt 1 og 2 vert vektlagd høgare.
5. Nærmiljøanlegg skal som regel inn i årleg rullering for å bli prioritert. Opp til to private nærmiljøanlegg kan bli prioritert kvart år, før offentlege nærmiljøanlegg.
6. Alver idrettsråd og/eller Alver kulturråd er høyringspart.



Handlingsdel

Ordinære anlegg

<u>Pri.</u>	<u>Anlegg</u>	<u>Stad</u>	<u>Tiltakshavar</u>	<u>I.søknadsår</u>	<u>Søknadssum</u>	<u>Merknad</u>
1	Fleirbrukshall	Alversund	Alver kommune	2020	10 500 000,-	Delutbet. 3 500 000,-
2	Turpadling brygge	Vikebø	Alver kommune	2020	60 000,-	Ferdigstilt
3	Fleiraktivitets- sal/ motorikkhall	Sagstad skule	Alver kommune	2020	1 049 000,-	Ferdigstilt
4	Rehabilitering basseng og bygningsmasse	Radøy-hallen	Alver kommune	2020	257 000,-	Ferdigstilt
5	Buldreanlegg	Knarvik Arena	Alver kommune	2020	300 000,-	Ferdigstilt
6	Standplass og skyteskiver	Stokkedalen	Nordhordland jakt og fiskelag	2022	675 000,-	Ferdigstilt
7	Rehab. kunstgrasbane II + lysanlegg	Fossemyra, Frekhaug	IL Kvernbit	2022	1 700 000,-	Ferdigstilt
8	Rehab. kunstgrasbane 11'ar	Knarvik stadion	Alver kommune	2022	1 000 000,-	Ferdigstilt
9	Rehab. kunstgrasbane 11'ar + lys	Ostereidet	Alver kommune	2023	1 700 000,-	Ferdigstilt



10	Rehab. kunstgras 7'ar	Knarvik	Alver kommune	2023	500 000,-	Ferdigstilt
11	Utviding 100m standplass/ rehab. skyteanlegg	Espetveit	Meland skyttarlag	2024	554 000,-	Under arbeid
12	Båthus for kajak	Fossemyra	IL Kvernbit	2024	542 000,-	Ferdigstilt
13	Aktivitetspark	Meieriet, Frekhaug	Alver kommune	2025		Ferdigstilt
13	Diverse anlegg friluftsområde	Statleg sikra område Håøy m.m.	BOF	2025-26		
14	Informasjon- og turskilt, andre tiltak friluftslivets ferdselsårer	Fleire stader	Alver kommune	2025-26		
15	Sherpatrapp	Eldsfjellet	Alver kommune	2025-26		
16	Oppfølging friluftslivets ferdselsårer	Fleire stader	Alver kommune	2025-26		
17	Skytehall 15-m skyting	Espetveit	Meland skyttarlag	2025-26		
18	Rehabilitering av elektroniske målskiver på 100m skytebane	Lona	Seim skyttarlag	2025-26		



19	Rehabilitering av elektroniske målskiver på 200m skytebane	Lona	Seim skyttarlag	2025-26		
20	Renovering/ utvidelse av 100m standplass og grav	Lona	Seim skyttarlag	2025-26		
21	Renovering/ utvidelse av 200m standplass og grav	Lona	Seim skyttarlag	2025-26		
22	Korthullsbane	Meland golf, Fløksand	Meland golfklubb	2025-26		
23	Turveg	Meland golf, Fløksand	Meland golfklubb	2025-26		
24	Minigolf/treningsanlegg	Meland golf, Fløksand	Meland golfklubb	2025-26		
25	Diskgolfbane	Lindås	Lindås IL	2025-26		
26	Fotballhall	Lindås	Lindås IL	2026		
27	Diskgolfbane	Leirdalen	Nordre Holsnøy IL	2025-26		
28	Garderobebygg	Grønålen	Manger IL	2025-26		



29	Fotballbane grus 40*60m	Skarsvegen Alversund	UL Sambygd- ingen	2025-26		
30	Rehabilitering kunstgras- baner	Seim, Alversund, Leirdalen	Alver kommune	2025-2029		

Nærmiljøanlegg

Pri.	Anlegg	Stad	Tiltakshavar	1.søknadsår	Søknadssum	Merknad
1	Friluftarena	Eikangervåg	Eikanger kultur	2025		
2	Rehab. ballbinge	Grasdal skule	Alver kommune	2025		
3	Nærmiljøanle gg	Knarvik	Rabben velforeining	2025-26		

Kulturanlegg

Pri.	Anlegg	Stad	Tiltakshavar	1.søknadsår	Søknadssum	Merknad
1	Alverhallen, lokalt kulturbygg	Alversund skule	Alver kommune	2020	1 500 000,-	Ferdigstilt, fornya søknad. Tildelt 750 00,- i 2023

Oversyn summar tildelt tidlegare år

	Ordinære anlegg	Nærmiljøanlegg	Kulturanlegg
<u>2024</u>	9 169 000	885 000,-	750 000,-
<u>2023</u>	8 467 000,-	807 000,-	0
<u>2022</u>	9 538 000,-	2 019 000,-	0
<u>2021</u>	9 892 000,-	1 862 000,-	428 000,-



2020	10 785 000,-	2 738 000,-	215 000,-
------	--------------	-------------	-----------

Forhold mellom idretten og Alver kommune

Oppgåver ved drift/vedlikehald/tilsyn ved offentlege idrettsanlegg

Følgjande prinsipp gjeld for eventuelle driftsavgiftar ved offentlege idrettsanlegg

1. Like generelle vilkår skal gjelde, men med omsyn til lokale tilhøve og behov.
2. Eventuelle avgiftar kan gjelde vedlikehalds, drifts-, og tilsynsoppgåver, etter lokale behov.
3. Eventuelle avgiftar kan vurderast for offentlege anlegg, der private ikkje har driftsoppgåver i dag.
4. Alle avgiftar må vurderast i høve lov om offentlig innkjøp.
5. Alver idrettsråd er høyringspart.

Private større ordinære idrettsanlegg – tilskot

Prinsippa er eit samordna utgangspunkt for årleg tilskotsordning til drift og vedlikehald av større private idrettsanlegg.

1. Prinsippa gjeld større ordinære idrettsanlegg i privat eige, for organisert idrettsleg aktivitet og konkurransar.
2. Tilskota har som mål å sørgje for føreseielege vilkår for idretten, og styrke idrettens høve for langsiktig planlegging.
3. Tilskota har som mål å støtte opp om ei heilskapleg anleggsutvikling i Alver kommune.
4. For eventuelle faste tilskotsavgiftar må det utarbeidast ein lik grunnsum etter anleggstype.
5. Eventuelle faste tilskotsavgiftar må verte regulert etter generelle foreinte vilkår, men inngåast individuelt mellom kommunen og anleggseigar.
6. Skyteanlegg eigd og drifta av organisasjonar tilslutta Det frivillige Skyttarvesen vert sett på som ordinære idrettsanlegg.
7. Alver idrettsråd er høyringspart.

Mindre private anlegg

1. Mindre private ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg vil ikkje omfattast av tilskotsordninga over.
2. Det kan leggjast til rette for periodiske felles satsingar med omsyn til anleggstype eller som materialstøtte.
3. Alver idrettsråd er høyringspart.



Alver kommune sin bruk av private ordinære idrettsanlegg

Private ordinære idrettsanlegg som vert nytta direkte av Alver kommune, som del av kommunens tenesteyting ved til dømes bruk som uteområde eller til kroppsøving, vurderast som eit leigeforhold, og må regulerast i form av eigne eventuelle leigeavtalar, uavhengig av anleggsstøtte.

Samarbeidsavtale mellom Alver kommune, Alver idrettsråd og Alver kulturråd

Med bakgrunn i gjeldande samarbeidsavtalane mellom Alver kommune, Alver idrettsråd og Alver kulturråd skal ein leggje til rette for føreseielege rammer for samarbeidet mellom partane.